

Reglement for vigslar i Ål kommune

Reglementet er vedteke i Ål kommunestyre 16.11.2017 i sak 63/17, med endringar vedteke 28.11.2019 i sak 75/19

1. Vigselrynde i Ål kommune

Vigslar utførast av ordførar eller varaordførar, men om naudsynt grunna fråvær, eller andre årsakar kan vigslar utførast av rådmann.

2. Kven kan bli vigsla i Ål kommune

Både busette i Ål og personar utanfor Ål kommune kan bli vigsla.

3. Stad for vigslar

Ål kommune tilbyr vigsel på Tingstugu. Vigsel kan finne stad på annan plass, men dette skal på førehand vere godkjent av vigslyaren.

4. Tidspunkt for vigslar

Ål kommune opnar for vigsel primært på vekedagar innanfor kommunen si normalarbeidstid. Vigslyaren avtalar tidspunkt med brureparet.

5. Rammer for vigsel

Ål kommune har berre ansvar for sjølv vigselsritualet. Pynt, dekorasjonar, musikk eller andre kunstnariske innslag, må organiserast av brureparet.

6. Kostnader knytt til vigsel

Sjølv vigsela og nytting av lokale på Tingstugu er gratis.

Om brureparet ynskjer å nytte andre lokale, må dei sjølv bestille og dekke kostnadene.

Kostnader til pynt og dekorasjonar må dekkast av brureparet. Det same gjeld musikk eller andre kunstnariske innslag. Om brureparet ynskjer å bli vigsla utanfor kommunen sine grenser, men at vigslyaren skal vere frå Ål kommune, må dette organiserast av brureparet sjølv. Dei må og dekke reiseutgifter for vigslyaren og andre meirutgifter dette medfører for kommunen.

7. Rutine for gjennomføring av vigslar

Rådmannen har mynde til å fastsetje rutinar for administrative oppgåver knytt til vigslar.

8. Informasjon om reglement og rutinar

Reglement og rutinar for vigslar skal kunngjerast på kommunen sine heimesider.